

Tillegg D

Nokre ord om ord

Ukjende ord gjer ein tekst mindre tilgjengeleg. Den som skjønar orda som er brukte, han skjønar også meir av innhaldet i teksten. Difor ei ordliste her. Skjønar du ikkje vitsen – så skal du ikkje bry deg.

Mange likar å hente inn framandlandske ord og vendingar, særleg frå engelsk. Nokre gjer det berre av rein latskap eller vankunne. Men om vi låner ordet, så er det ikkje dermed sagt at vi skjønar det, snarare tvert om. At lånte ord er så mykje meir presise, kjem berre av at vi ikkje veit betre. Dei er berre presise så lenge vi held utanfor alle andre tydingar og nyansar. I dette kapitlet dyrkar eg ei interesse på sida av faget, og eg gjev meg høve til å ri nokre kjepphestar, – og kanskje vert du *litt* klokare.

Mange av dei som utan blygsel brukar framande lånord, har det vanskeleg med seg sjølve når dei støyter på – eller støyter seg på – eit norsk ord. Forfattaren Ivar Eskeland (1981) seier det slik: « . . . nordmenn, det einaste folk i verdi so vidt eg veit, som stivheld inntil dauden på den læra, at det er språket det er noko i vegen med når dei sidan i livet møter eit norsk ord dei ikkje er fødde med kunnskap om.» Hå andre kulturfolk, meiner han, er det vanleg å *lære* seg det nye ordet, t.d. ved hjelp av ei ordbok.

Eg har gjort som Eskeland seier nordmenn (til vanleg) ikkje gjer. Dersom ein språkvitar skulle sjå lista og seie at forklaringane er mangelfulle, så er svaret berre at «Blant dei blinde er sjølv den einøygde profet». Eg likar å tru at eg veit meir om språkfag enn det ein språkvitar veit om turbulens og forbrenning.

Utvalet av ord i er nokså tilfeldig, bortsett frå at eg har samla dei gjennom nokre års arbeid med faget. Kjelder for ordforklaringane og opphavet er først og fremst Nynorskordboka (1986), Concise Oxford Dictionary (1982) og Oxford English Dictionary (1933). Eg har også nytta Norsk Ordbok (1966ff), Norsk Ordbog (Aasen, 1873), Grunnmanuskriptet (u. år), Latinsk ordbok (Steinnes og Vandvik, 1958) og Oxford Latin Dictionary (1968). Mange ord har fleire ulike tydingar på opphavsspråket, og eg har ikkje teke med alle.

D.1 Ordforklaringar

Ad- latin *til*.

Adiabatisk som ikkje kan passerast; berre nytta i varmelære, dvs. som varme ikkje kan gå forbi, etter gresk «*αδιαβατος*» (adiabatos), av «*α-*» (a-): ikkje og «*διαβαινω*» (diabaino): gå forbi, passere.

Adveksjon frå latin «*ad-*»: *til* og «*vehere*», «*vect-*»: *bere, føre*. I varme- og strøymingslære er det somme forfattarar som vil halde av ordet konveksjon til å gjelde berre varmetransport. Transport med strøyminga kallar dei adveksjon.

Affin (eng: «*affine*») av latin «*affinis*»: *nært knytt til, slekt med*, bokstaveleg *grense til*, av «*finis*»: *grense*. Jamfør avsnitt D.5.

Algebra om italiensk frå arabisk «*al-jabr*»: *sameining av oppbrotne delar; rekning med symbol, bokstavar, likningar*. *Algebraisk* er nytta om likningar som ikkje er differensiallikningar. Ein *algebraisk* modell har ikkje differensiallikningar, jamfør avsnitt 6.5.

Algoritme etter namnet al-Khwarizmî, arabisk matematikar frå 800-talet, sjå avsnitt C.8, med innverknad frå gresk «*arithmos*»: *tal*. Han skreiv ei bok om algebra, og boka gjorde det arabiske talsystemet kjent i Europa. Opphavleg var «*algoritme*» ei nemning for rekning med det arabiske talsystemet. I matematikk (i dag) og programmering: *fullstendig og nøyaktig framgangsmåte for dei rekneoperasjonane som krevst for å løyse eit problem, eintydig sett med instruksar for å løyse ei oppgåve*.

Anergi etter gresk «*αν-*» (an-): *ikkje* og «*εργον*» (ergon): *arbeid*. Nylaga ord, kring 1960. Termodynamisk eigenskap: *Den delen av energien som ikkje kan gjerast om til arbeid*. Jamfør eksergi, energi.

Anisotrop *ikkje isotrop* etter gresk «*αν-*» (an-): *ikkje*. Sjå isotrop.

Aritmetikk, aritmetisk gresk «*αριθμητικη*» (arithmetike): *kunsten å telje*, av «*αριθμος*» (arithmos): *tal*. Læra om tal og rekning med tal.

Cascade (fransk, engelsk), sjå kaskade.

Co-, col-, com-, con- sjå Ko-, kol-, kom-, kon-.

Compute, computer (engelsk) frå latin «*con-*»: *med*, «*putare*»: *rekne*.

Concept (engelsk, fransk), sjå konsept.

Conflagration (engelsk/latin) av «*con-*»: *med, saman*, og «*flagrare*»: *eld, flamme, brann*. Stor og voldsom brann.

Data *noko som er rekna som kjent eller gjeve, opplysning, kjensgjerning*. Frå latin, eigentleg fleirtal av «*datum*», av «*dare*»: *gje*. Bøying på norsk (nyn.): *data - dataet - data - dataa* el. *data*, (bokm.): *data - dataen* el. *dataet - data - dataene*. På engelsk: *datum* (sg.) - *data* (pl.) eller (om fakta, opplysning): *data* (sg.) - *data* (pl.)

Deflagrasjon (eng: «*deflagration*») frå latin, av «*de-*»: *frå kvarandre, til ymse sider, bort*, og «*flagrare*»: *eld, flamme, brann*. Som fagord: *flamme utan sjokkbølgje, subsonisk flamme*, sjå avsnitt D.2.4.

Iso- (sometid **is-** framfor vokal) frå gresk «*ισος*» (isos): *lik, eins*. Forstaving nytta i mange ord, nesten alle vitenskaplege. Det andre leddet er vanlegvis frå gresk, sjeldnare latin. (Det latinske tilsvaret er «*Equi-*», på norsk *ekvi-*). Dei fleste orda er nye og forma etter mønster av «*isotherm*» (eins temperatur), «*isothere*» (eins middel-sommartemperatur), «*isochimena*» (eins middel-vintertemperatur), som A. von Humbolt innførte på fransk i 1817.

Isentalp *lik entalpi*. Sjå iso- og entalpi.

Isentrop *lik entropi*. Sjå iso- og entropi.

Merk: Ein vanleg skrivefeil er å blande saman «*isotrop*» og «*isentrop*».

Isobar *likt trykk*, etter gresk «*βαρος*» (baros): *tyngd*; sjå iso-.

Isokinetisk *lik rørsle*. Sjå iso- og kinetisk. Nytt om måleteknikkar som tek prøver av ein gass utan å forstyrre rørsle.

Isokor *likt volum*, etter gresk «*χωρα*» (khora): *rom*; sjå iso-.

Isolere *stenge ute, skilje frå*, frå italiensk «*isolare*», av latin «*insula*»: *øy*.

Isometri, isometrisk *likskap i mål, målt med same mål*. Sjå iso- og metrisk.

Isoplet *lik i verdi, tal, mengd*, kurve gjennom punkt med same verdi av ein variabel, etter gresk «*πληθος*» (plethos): *tal, mengd*; sjå iso-.

Isopykn *lik tettleik*, etter gresk «*πυκνος*» (pyknos): *tett*; sjå iso-.

Isoterm *lik temperatur*, sjå iso- og termo-. (Merk eng: «*isothermal*», men «*exothermic*».)

Isotrop *like eigenskapar i alle retningane*, frå gresk «*τροπη*» (trope): *snunad, vending*; sjå iso-. Om isotrop turbulens, sjå avsnitt 4.1.

Merk: Ein vanleg skrivefeil er å blande saman «*isotrop*» og «*isentrop*».

Kaos gresk «*χαος*» (khaos): *gap, svelt; uorden, forvirring*. Merk at i matematikken har *kaos* ei særskild meining som nemning på likningssystem med visse eigenskapar. *Kaosteori* er ikkje teori om uorden og kaos i allmenn forstand, men teorien om slike likningssystem.

Kaskade (turbulens-, energi-) «*cascade*» er fransk for eit stegvis, gjerne kunstig, fossefall; frå italiensk «*cascata*»: *fall, fossefall*. Om energikaskade for turbulens, sjå avsnitt 8.1 og 11.2.

Kartesisk av namnet Renatus Cartesius, latinsk form av Réne Descartes, fransk filosof og matematikar, 1596–1650. Eit kartesisk koordinatsystem har rette linjer og vanlegvis rette vinklar, men kan ha skeive vinklar. Sjå avsnitt D.5.

Kinetikk, kinetisk *som gjeld rørsle, rørslelære* frå gresk «*κινητικός*» (kinetikos): *som har med/kjem av rørsle*.

Ko-, kol-, kom-, kon- av latin «*co-, col-, com-, con-*»: *med, saman, felles, sam-*. Forma på forstavinga er avhengig av lyden som følgjer. Til dømes koordinat, konveksjon, kollokvium, kombinere.

Konflagrasjon sjå *conflagration* (engelsk/latin). Stor og voldsom brann. Lite eller inkje nytta i norsk.

Koordinat av latin «*co-*»: *med*, «*ordinaire*»: *ordne*, av «*ordo*»: *orden*; altså koordinat: *med orden*.

Void (engelsk, frå gammalfransk dialekt) *tom, ledig*, jf. avsnitt D.2.2.

Wake (engelsk) lånord frå norsk «vake»: *kjølstripe, råk*. Sjå vake.

D.2 Ord om strøymingar og forbrenning

D.2.1 Særtilfelle av strøyming; Inndeling etter geometri og anna

Bakevje område bak hindring, utviding, e.likn., der strøyminga bøyer attende, resirkulasjonsområde eller -sone (eng: «recirculation zone», tysk: «Rückströmung»).

Blandingssjikt (eng: «mixing layer», tysk: «Trennungsschicht») to strøymingar langsmed kvarrandre (t.d. etter ei skiljeplate) som utvekslar (blandar) rørslemengd, masse og energi. Dersom ei strøyming går langs stillestående fluid, kan blandingssjiktet også kallast *halv-jet* eller *jetgrense* (eng: «half jet», «jet boundary»; tysk: «Strahlgrenze»). Sjå figur 4.4.

Grensesjikt (eng: «boundary layer», tysk: «Grenzschicht»), på norsk også *grenselag*. Sjå avsnitt 4.3.

Gust vindkast, i fluidmekanikk særleg nytta om kraftige strøymingar eller brå vindkast oppe i luftlaga i atmosfæren. Jamfør avsnitt D.1.

Jet (frå engelsk; tysk: «Strahl», «Freistrahl», også «Jet»). På norsk er også *stråle* nytta, men det kan vere høveleg å halde av dette ordet for elektromagnetisk stråling (viktig i varmetransport, jamfør avsnitt 12.2). Etter forma skil vi mellom *rund jet*, *plan jet* og *radiell jet*. Ein *veggjet* (eng: «wall jet») er ein jet som ligg heilt inn til ein vegg. Det vert ein kombinasjon av jet og grensesjikt. Sjå figur 4.4.

Kanal (eng: «duct», «channel»; tysk: «Kanal») inneslutta strøyming med vilkårleg tverrsnitt; kan ev. vere open på oversida. Vanlege særtilfelle er *plan kanal* (sjå plan strøyming), røyr og open firkanta kanal.

Kvervelgate (eng: «vortex street»; tysk: «Wirbelstraße») særskild kvervelstrøyming i laminære vaker, gjerne knytt til von Kármán sitt namn. Sjå Schlichting (1979:18).

Roterande strøyming (eng: «rotating flow»; tysk: «Drehströmung»). Strøyming i noko som roterer, t.d. kanal i turbinhjul. Kan også vere nytta i same meining som svervel (eng: «swirl», tysk: «Drall»).

Røyr (eng: «pipe»; tysk: «Rohr») aksesyddmetrisk særtilfelle av *kanal*.

Sjikting, lagdeling (eng: «stratification»; tysk: «Schichtung»)

Sjikta strøyming (eng: «stratified flow»; tysk: «geschichtete Strömung») lagdelt pga. skilje i temperatur (tettleik), samansetjing (t.d. olje/vatn), m.m. Sjå om richardsontal, avsnitt C.3.

Skjerlag, skjersjikt (enkle –, tynne –) (eng: «(simple, thin) shear layer») Strøyming med skjerspenning (og fartsgradient, tøying) i berre éi retning – dvs. ei *enkel* strøyming, som grensesjikt, jet, røyr, osb.

Skjerstrøyming (eng: «shear flow»; tysk: «Scherströmung») kan vere det same som *skjerlag*, men er helst nytta i vidare meining om strøymingar med skjerspenningar (og fartsgradientar, tøying-

D.2.4 Flammer

Conflagration (engelsk/latin) vert nytta meir allment om ein stor og voldsom brann, jf. *deflagrasjon*. Sjå også avsnitt D.1. Lite eller ikkje nytta i forbrenningslære.

Deflagrasjon (eng: «deflagration») Forbrenningsbølgje (flamme) som breier seg i ei homogen reaktantblanding (forblanda) med ei fart mindre enn lydfarta (subsonisk), jf. *detonasjon*.

I litteraturen kan vi finne at orda *forbrenningsbølgje* (eng: «combustion wave») eller *flamme* er nytta i denne meininga. Sjå også avsnitt D.1.

Detonasjon (eng: «detonation») Forbrenningsbølgje (flamme) som breier seg i ei homogen reaktantblanding (forblanda) med ei fart større enn lydfarta (supersonisk). Ei slik bølgje (forbrennings-sone) ligg alltid like bak eit sjokk (diskontinuitet i trykk, temperatur og tettleik). Temperatur- og trykkauken i sjokket medverkar til å tenne eller halde reaksjonen ved like, medan sjokkbølgja vert driven av varmeutviklinga i reaksjonen. Jamfør *deflagrasjon*.

Ordet vert også nytta i andre samanhengar der ei sjokkbølgje breier seg, t.d. frå sprengstoff og atombomber, og i supernova-eksplasjonar. Allment (særleg i engelsk) vert ordet nytta i meininga *sprenging* eller *eksplasjon*. Sjå også avsnitt D.1.

Eksplasjon (eng: «explosion») Allment er dette ordet knytt til støy og øydelegging når ei trykkbølgje breier seg. Som fagord vert det nytta på ulike vis, og vi kan finne fleire definisjonar eller forklaringar.

I forbrenningslæra vert det definert eller forklara (ikkje alle kallar det ein definisjon) med *svært rask og aukande varmeutvikling på grunn av ein kjemisk reaksjon* i tilnærma homogene reaktantblandingar (sjå t.d. Chomiak, 1990:133; Glassman, 1996:222; Kuo, 1986:233; Williams, 1985:576). Det vert skilt mellom termiske eksplasjonar og eksplasjonar med greinande kjedereaksjonar. Dei siste kan i visse tilfelle vere isoterme.

Nokon tek med at det kan vere trykkoppbygging i staden for varmeutvikling. Andre tek med at ei trykkbølgje ofte følgjer med, men at dette ikkje er eit krav i definisjonen. Endå andre tek med at det ikkje treng vere ei flamme (forbrenningsbølgje) som breier seg. I det siste tilfellet kan varmeutviklinga (eller trykkoppbygginga) t.d. vere driven av ein kjernereaksjon eller trykkavlasting med brå fordamping (dampeksplasjon – slik som når høgtrykkskjelar rivnar). Sjå også avsnitt D.1.

Diffusjonsflamme (eng: «diffusion flame»), flamme der reaktantane vert blanda ved diffusjon (molekylær og turbulent) inn mot reaksjonssona. Vanlegvis det same som *uforblanda flamme* (sjå avsnitt 10.1).

Forblanda flamme (eng: «premixed flame») reaktantane er perfekt blanda før den kjemiske reaksjonen (sjå avsnitt 10.1).

Homogen flamme flamme med reaktantar i berre éin fase (gass). Om *homogen*, sjå avsnitt D.1.

Heterogen flamme flamme med reaktantar i ulike faser, eller med andre faste/flytande stoff som verkar inn på reaksjonen. Det kan vere fast karbon (koks, eller koksrest etter olje eller ved) som reagerer med oksygen i luft. Nemninga vert nytta når brenslet er fast eller flytande, sjølv om det fordampar før sjølv reaksjonen. Det kan også vere ein reaksjon mellom gassar i ein katalysator. Om *heterogen*, sjå avsnitt D.1.

Slokne, sløkkje Ein grammatisk detalj: Ei flamme *sloknar* (intransitivt verb) når brenslet tek slutt. Du *sløkkjer* ei flamme (transitivt) når du får ei flamme til å slokne. (Bokmål: slokne/slukne; slo-

D.4 Ord om rørsle i luft og vatn

Ord om krinsrørsle

Alle kjenner orda *kvervel* (bokm: «virvel»), *bakevje* og *skypumpe*. Ved samansetjing med *vind* eller *storm* får vi *kvervelvind* og *vindkvervel*, *kvervelstorm* og *vindknute*. Men så er det gjerne slutt med norsken for mange. Vi held fram med «sirkulasjon» (frå latin), «syklon» (frå gresk), «tornado» (frå spansk), «tyfon» (frå kinesisk), *malstraum* (frå nederlandsk). Opphavet til *orkan* (spansk: «huracan») har også denne meininga. I fluidmekanikk låner vi «eddy» (opphavleg av norrønt «iða», norsk ide; i Trøndelag «udu», «uddu») og endåtil «whirl» og «swirl» (= *kvervel*) frå engelsk, «vortex» (latin, engelsk), «turbulens», «turbiditet» og fleire andre «turbo»-ord (gresk, latin, engelsk).

Det norske språket har eit mangfelt ordfang om krinsrørsle i vatn og luft, – det skulle berre mangle i eit land som er rikt på dialektar, har nok av strøymande vatn og nøgda vêr og vind. Hovudkjelda her er Grunntmanuskriptet (u. år) og Norsk Maalbudad (Aasen, 1876). Dei fleste orda stend i Nynorsk-ordboka (1986).

Verb: firlle, grøyvle, ide, kvervle (kvirvle, kverle, kvirle, virvle), røyle, sverve, svirle, svirre, tvirle.

Substantiv: kvervel (kverel, kveril, kverle, kvirvel, kvorvel, kvørvel, vervel, virvel), kvelv (gvelv), kverv (kvarv, gvarv, varv), røyil, sveivle, svivle, sverkel, sverv, svervel, tull, tunn, tvingle, tvirle.

Mest om vatn: evje, bakevje, oppevje, ide (ida, ile, ie, ea, odo, udu, uddu, og fleire), ave, atterbere, attide, atterkippe, atterreke, atterrenning, bakide, bakstraum, oppide, ti, flatstraum, grøyvl, havsvelg, hovade, keile, kjel, korgamme, kringide, kringvode, kringsviv, ringstraum, malstraum, snaraevje, snaride, snatrapull, straumide, straumkvervel, sveiv, sveivide, tunnevje, tunnide, kvitbulle, paul, pytt, vodekall, øse, revje, oppfar.

Mest om luft: firlevind, kvervebye, kvervelflage, kvervelvind (kverlevind), kvervelknut (-knute, kverrelknut), røyksvivle, skypumpe, skyrøyl, stormkvervel, snuring, tvinnaknut, tvirleflage, tvirlevind, tvirleguste, tulleflage, tunnarknute (tynnaknute), vindfirlle, vindkall, vindknute, vindkvervel.

Andre rørsler

Luftrørsle: ande (vindande), blekk, blåst (blåster), bris, drag, eim, gjot, gnæs, gone, gos, gov, gråe, græle, gule (havgule), gust (dalgust, fjellgust, vindgust), hå, kjøil (morgonkjøl), kule, kuling, kårre, luftning, lygne, musk, novtot, rak, rek, røne (nordrøne, landrøne), skjelle, sno (dalsno, elvesno, fjellsno, kaldsno), snære, storm, trekk, vind (lettvind, skoddevind, vindande, vinddrag, vindpust, vindkule).

Motvind, landvind, nordavind, osb., etter retning og tilhøve.

Brå rørsle: brodd, brose, brysje, byge, byl, flage (kasteflage, rokflage, vindflage), fuke, føykje, garde (drivgarde, brågarde, elgarde), gjerde, gysje, gøyve, kast (bråkast, kastevind, vindkast, stormkast), knut, kule (vindkule), kvervel, rose, skjør, spong, tunn.

Vassrørsle: Drag, flaum, foss, gir, gjot, sig (oppsig), straum (andstraum, elvestraum, havstraum, motstraum, tverrstraum, tvestraum, understraum), straumgir, straumrand, streng, strind, vell, ågang, åsog.

Bekk, elv, flaum, flod, grov, keile, kvisl, log (jf. Lågen), lon, løk, sikl, silder, vassfar, veke, å.



Figur D.2: «Maalstrom», den malande straumen, kalla nederlandske sjøfolk den kraftige og farlege havstraumen mellom Lofotodden og Værøy, Moskstraumen. I forteljingane vart straumen til eit skremende havsvelg, ei kverveltrect som slukte skip og menneskap. Jules Verne let kaptein Nemo og ubåten (nesten) gå under her. Edgar Allan Poe («A descent into the Maelstrom», 1841) skildrar eit sluk *meir enn ei halv mil i diameter* som heller førtifem grader innover mot svelget i midten. Figuren viser eit utsnitt frå «Carta marina», utgjeve av den svenske (katolske) eksilbiskopen Olaus Magnus i Venezia i 1539. Straumen er *ett så stort svalg, ..., att det plötsligt kringsvallar och i ett ögonblick uppslukar de sjöfarande som ovarsamt ...* (Olaus Magnus, 1555:2-7).

D.7 Ord om folk

I denne lista er det ein del titlar lesarane har, eller som dei vonar å kunne smykke seg med, eller som nokon i omgjevnadene har. Har du tenkt på kva det er vi kallar kvarandre? Og burde ikkje fleire få greie på kva *ingeniør* og *student* eigentleg tyder? Eller, kanskje ikkje?

Amanuensis frå latin «a manu»: *med hand*; «-ensis»: *tilhøyre*; *skrivetræl*, *skrivekunnig træl*, *skrivar*.

Assistent frå latin «assistere»: *stille seg bortåt*, *stå attmed*; «assistens»: *til stades*; av «ad»: *til*, «sistere»: *stille*.

Dekanus frå latin, av «decem»: *ti (10)*; leiar for ei gruppe på ti (soldatar, munkar, prestar, m.m.).

Disponent frå latin «disponere»: *setje (bort) på ymse stader*; «dis-»: *frå kvarandre*, *til ymse sider*, *bort*; «ponere»: *setje*.

Direktør frå latin «director»: *styrar*, av «di-»: *frå kvarandre*, *til ymse sider*, *bort*; «regere»: *råde*, *styre*.

Doktor frå latin «docere, doct-»: *undervise*, *lære (frå seg)*. Altså: *lærer*.

Dosent same opphav og tyding som «doktor».

Forskar *ein som driv vitenskapleg gransking*, frå tysk.

Ingeniør om fransk frå mellomlatin «ingenium»: (*kriks*)*maskin*, latin «ingenium»: *huglag*, *skarp-sinn*, *oppfinningsevne*.

Jus docendi (latin) *rett til å undervise*; ved promosjonen av ein ny doktorand vil han/ho få tilsagt «jus docendi» av rektor.

Kandidat frå latin «candidatus»: *kvitkledd*, *kledd i kvit kappe*.

Kollega frå latin «col-»: *med*, *saman*, *i lag*; «legare»: *velje*, *utpeike*; *den medvalde*.

Konsulent frå latin «consultare, consulere»: *ta råd*, *spørje*.

Lektor frå latin «legere» *samle*, *lese*; *opplesar*, *ein som les (for andre)*. Jamfør «lektie», «leksjon», «lekse»: *lesnad*. Sjå førelesing, avsnitt D.6.

Professor frå latin «pro»: *for*, *fram*; «fiteri, fess»: *vedgå*, *seie*, *kunngjere*. Altså: *forkynnar*, *ein som kunngjer/underviser*.

Rektor frå latin «regere»: *råde*, *styre*.

Senior (-ingeniør, -forskar, mfl.) frå latin: *eldre*, *gammal*, av «senex»: *gammal (mann)*.

Sivilingeniør frå latin «civilis»: *borgarleg*, «civis»: *borgar*. Merk at tilsvarande ord kan ha andre tydingar på andre språk, t.d. engelsk «civil engineer»: *bygningingeniør*, eller ordet er ikkje nytta.

Sjef (-ingeniør, forskings-, mfl.) *førar*, *leiar*, *overhovud*, *styrar* gjennom fransk «chef, chief», frå latin «caput»: *hovud*.

Student frå latin «studere»: *streve etter, vere ihuga for, ihuga og uthaldande strev mot noko.*

D.8 Engelsk – norsk ordliste; forkortingar

Advection — adveksjon (konveksjon, jf. avsnitt D.1)	Flammability limit (upper/lower) — flamme-grense (øvre/nedre)
Atomization — forstøving	Flare — fakkel (jf. avsnitt D.2.3)
Atomizer — forstøvar	Flow — strøyming
Boundary condition — grensevilkår	Fluidized bed — svevebed(d), kvervelsjikt, fluidisert bed(d) (sjå avsnitt D.3.4)
Boundary layer — grensesjikt (også: grenselag)	Flux — fluks (gjennomstrøyming)
Boundary value — grenseverdi	Forced convection — tvungen konveksjon (jf. avsnitt D.2.1)
Burner — brennar	Free convection — fri konveksjon, naturleg konveksjon (jf. avsnitt D.2.1)
Calorific value (net –) — effektiv nedre brennverdi, dvs. frårekna fordampingsvarme til vatn i brensløt.	Furnace — fyrkjel (i visse tilfelle: omn; jf. avsnitt D.2.3)
Channel — kanal	Gauge (gage) pressure — manometertrykk, målt trykk, overtrykk
Combustion — forbrenning	Grid — nettverk, nett (numerisk); gitter
Combustion chamber — brennkammer	Gust — gust (jf. avsnitt D.2.1)
Combustor — brennkammer, brennar	Heating value (lower/higher) — brennverdi (nedre/øvre)
Conflagration — stor og voldsom brann	Ideal gas — ideell gass, idealgass
Density — tettleik (bokm: tetthet)	Incinerator — forbrenningsomn; ev. spesifiserte t.d. bosbrenningsomn, krematorieomn (jf. avsnitt D.2.3).
Dilatation (volumetric) — Volumtøyingsfart (jf. avsnitt D.2.2)	Indeks (sub-; super-) — indeks (låg –; høg –)
Duct — leidning, kanal	Inertia — tregleik, inertia
Drag — slepekraft	Jet — jet (også: stråle)
Efficiency — verknadsgrad	Laminar — laminær
Enthalpy of formation — dannelsentalpi	Large-eddy simulation — storevje-simulering (avsn. D.3.5)
Extinguish — sløkkje (jf. avsnitt D.2.4)	
Equilibrium — jamvekt, likevekt	
Fire — brann	
Flame — flamme	